ORSK LEKSIKOGRAFISK INST.
Universitetet i Oslo

Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 11 - 1990

Oslo 1990

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)
Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken
Utgjevarstad: Avdeling for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo

Nr. 11 - 1990

Arne Jørgensen har lagt stoffet til rette for edb

Redaksjonen er avslutta 15. mai 1990

ADRESSER:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 45 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. (02) 45 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er no 130 kr for året.

INNHALD

Professor Kåre Hoel til minne 4
Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking 6
Landsmøte i Norsk namnelag 7
Styrking av stadnamnarbeidet ved universiteta 7
Sakrale namn 7
Leksikon over nordiske stadnamnelement 8
Internasjonal namnegranskarkongress i Helsingfors 8
Rapport frå stadnamnseminar på Agder 9
Stadnamnleksikonet i ny utgåve 9
Stadnamnlister i Odda 10
Stadnamnprosjektet i Hordaland 11
Dataregistrering av stadnamn i Hordaland 12
Minneskrifter om Gustav Indrebø 13
Undredal i Hardanger? 14
Bilatlas Norge 15
Ny og nyttig internasjonal fornavnbok 16
Frå institutt til avdeling 17
Stadnamnlova endeleg vedteken 18
Lov om stadnamn 19
Merknader til paragrafane i utkastet til lov 23
Hallgrim Bergs innlegg i odelstingsdebatten 31
Meld deg inn i Norsk namnelag 34
Nordkalottsymposium 35
Nyttig utgreiing om dialektuttale av fornamn i Hardanger 35
Namnebibliografi 1989 41

PROFESSOR KÅRE HOEL TIL MINNE

Professor Kåre Hoel er død, 67 år gamal. Med han er ein av dei fremste stadnamngranskarane i landet gått bort, og Avdeling for namnegransking har mist ein kjær medarbeidar.

Kåre Hoel var fødd i Glemmen, men familien flytte tidleg til Gjøvik, der faren var redaktør i Velgeren. Då faren i 1936 vart redaktør for Romsdalsposten i Kristiansund, flytte huslyden dit.

I 1941 tok Kåre Hoel artium på engelsklina ved Kristiansund off. høgre allmenskole, og han tok til å studera filologi ved Universitetet i Oslo. Etter ei tids studieavbrot under krigen vart han i 1949 cand.philol. med norsk (språkleg) hovudfag og engelsk og geografi med etnografi bifag. Våren 1950 tok han eksamen ved Pedagogisk seminar.

Hausten 1950 vart Kåre Hoel tilsett som medarbeidar ved Norsk stadnamnarkiv (seinare Institutt for namnegransking), lønna av Noregs allmennvitskaplege forskingsråd. I 1965 vart han formelt tilsett ved arkivet, og i 1973 vart han utnemnd til førstearkivar.

Kåre Hoel hadde alt i studietida hatt innsamlingsoppdrag for arkivet som feriearbeid, men fekk i 1950 i oppgåve å samla inn tilfang for det nye prosjektet Norske bustadnamn, som dåverande arkivsjef Per Hovda hadde lagt grunnen til. Planen var å gje ut ei revidert og auka utgåve av Oluf Ryghs Norske Gaardnavne.

Arbeidet med bustadnamn skulle verta Kåre Hoel si livsoppgåve. Han drog frå grend til grend og frå gard til gard gjennom heile Østfold og store delar av Akershus, for det meste på sykkel, og spurde ut hundrevis av lokale infor-

mantar. Innimellom sat han i Riksarkivet og i Statsarkivet og granska namneformer i eldre skriftlege kjelder.

Etter at materialet såleis var lagt til rette og kontrollert, kunne han gå i gang med å arbeida ut grunnmanuskriptet. I staden for å gje ut verket hefte for hefte for dei einskilde kommunane valde Hoel å gjera seg ferdig med heile fylket før han såg det som aktuelt med publisering.

Etter Hoels syn hadde dette to føremonar. For det fyrste ville det vitskaplege resultatet verta betre for verket sett under eitt, og for det andre ville omfanget av den trykte utgåva kunna tilpassast ein standard som skulle nyttast for bustadnamn i andre fylke. Innvendinga kunne vera - sett i eit kort perspektiv - at det skulle gå så lang tid før ålmenta fekk del i dei resultata han kom fram til. No då han døydde, hadde han det aller meste av grunnmanuskriptet for bustadnamna for heile Østfold klart og skulle gå i gang med å leggja det til rette for utgjeving. Når fagmiljøet ein gong ser seg i stand til å gje ut verket, vil det dreia seg om fleire band.

Berre ein liten del av Hoels vitskaplege produksjon er såleis prenta, men i fleire einskildartiklar og særleg i artikkelsamlinga Bustadnavn i Østfold (1985) har han vist si djuptloddande faglege innsikt og sin sterke kritiske sans, kombinert med evna til ei forståeleg framstillingsform. At han like før han døydde, fekk melding om at han hadde fått Kungl. Gustav Adolfs Akademiens pris for fortenestefullt vitskapleg arbeid, var eit lysglimt for han sjølv i ei tung tid, men det var òg eit uttrykk for den faglege respekten han hadde oppnådd på nordisk grunn. Då han 1. januar 1988 vart utnemnd til professor, var han den fyrste i Noreg i disiplinen namnegransking.

Kåre Hoel var av dei som gjekk stilt i dørene. Han var uvanleg hjelpsam, anten det galdt faglege eller personlege spørsmål. Mange er det som har fått grundige utgreiingar frå han, og mange er det som vil sakna hans hjelp og positive innstilling. For Institutt for namnegransking har det oppstått eit fagleg og menneskeleg tomrom.

BH

DEN 6. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING
Blindern 23. november 1990 kl. 9.00

Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking

Avdeling for namnegransking (tidlegare Institutt for namnegransking), Universitetet i Oslo, skipar i år til den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Konferansen skal haldast på Blindern fredag 23. november 1990. Etter konferansen vert det landsmøte i Norsk namnelag.

Hovudemnet på konferansen er Vitskaplege prosjekt i namnegransking. Tilskiparane ynskjer med dette at dei mange som held på med eller har planlagt granskingsprosjekt i emnet namn, skal få høve til å leggja fram ulike sider ved prosjekta, både for å få tilbakemelding og for at fagmiljøet skal vera best mogeleg orientert om det som skjer. Det kan vera aktuelt å ta opp spørsmål som gjeld avgrensing og bruk av materialet, kor tilgjengeleg det er, terminologi, metode o.a. Også spørsmålet om publisering vil stå sentralt.

Den fyrste nasjonale konferansen i 1981 tok m.a. opp framdrifta av dei nasjonale namneseriane, særleg Norske bustadnamn. Dette spørsmålet er minst like aktuelt i dag, og det er viktig å føra denne diskusjonen vidare. Kor stor grad av einskap bør det vera ved slike nasjonale og regionale verk, og i kva grad bør ulike institusjonar vera med på å utforma retningsliner? Og kva rolle bør Samarbeidsnemnda for namnegransking spela?

Både dei som driv med namnegransking på heiltid, og dei som har denne aktiviteten på sida av anna arbeid, er velkomne til å delta med innlegg. Både større innleiingar (på inntil 20 min.) og mindre innlegg på nokre få minutt kan takast inn. Etter innlegga vil det vera diskusjon.

Som ved tidlegare konferansar er det meininga å prenta innleiingane og diskusjonen også frå denne konferansen.

Innlegg (både kortare og lengre) kan meldast til Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3, innan 15. sep. 1990. Korte samandrag av innlegga (10-20 liner) må vera avdelinga i hende innan 15. oktober.

Påmeldingsfristen et sett til 15. nov. 1990. Deltakaravgifta er 70 kroner og inkluderer kringle og kaffi/te på konferansen og rapporten frå konferansen.

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG
Blindern 23. november 1990 kl. 16

Handsaming av vanlege landsmøtesaker (meldingar, rekneskap, val o.a.). Endeleg innkalling med sakliste kjem i haustnummeret av Nytt om namn.

STYRKING AV STADNAMNARBEIDET VED UNIVERSITETA
Fråsegn frå Norsk namnelag

Styret i Norsk namnelag hadde møte 21. mai 1990 og vedtok denne fråsegna:

"Norsk namnelag helsar den nye lova om stadnamn velkomen og vonar at ho vil føre til ei fagleg god handsaming av norske stadnamn i offentleg bruk. Lova går inn for ei utbygging og desentralisering av namnekonsulenttenesta til dei fire universiteta i landet, og i proposisjonen blir det rådd til å opprette konsulentsekretærstillingar på deltid for kvart universitetsområde. Sidan det vil vere vanskeleg å få kvalifisert personale til å ta på seg deltidsstillingar, bør dei einskilde universiteta syte for å skyte til ekstra midlar slik at det til saman blir ei full stilling. Såleis vil både innsamling og kontroll av stadnamn, arkivoppbygging og det allmenne stadnamnarbeidet bli monaleg styrkt i dei ulike landsdelane."

SAKRALE NAMN

I tida 30.11.-2.12. 1990 vert det 16. NORNA-symposiet skipa til i Gilleleje på nordspissen av Sjælland, med Institut for Navneforskning i København som arrangør. Emnet er sakrale namn, dvs. gamle personnamn og stadnamn som kan knytast til eldre tiders tru og religion. Symposiet vil få

eit tverrfagleg innhald, der m.a. arkeologi, religionshistorie, litteraturhistorie og folkloristikk vil verta drege inn i tillegg til namnegransking.

Etter Magnus Olsens "oppmytologisering" av norske stadnamn (sjå særleg Hedenske kultminder i norske stedsnavne, 1915) og Eivind Vågslids "avmytologisering" (sjå særleg Stadnamntydingar II, 1974) kan det vera grunn til å gå problemet sakrale namn nærare etter i saumane. Me ser symposierapporten i møte med stor interesse.

BH

LEKSIKON OVER NORDISKE STADNAMNELEMENT

Etter tiltak frå Nordisk samarbeidskomité for namnegransking (NORNA) er det sett i gang eit prosjekt over nordiske stadnamnelement. Prosjektet er støtta av Nordisk samarbeidskomité for humanistisk forsking (NOS-H) og leia av ei tilsynsnemnd med desse medlemmene: Peter Slotte, Finland (leiar), Lars-Erik Edlund (Sverige), Bente Holmberg (Danmark), Oddvar Nes (Noreg). Redaktør og dagleg leiar er Stefan Brink, Uppsala.

Leksikonet skal byggjast opp av artiklar om stadnamnlekkar som førekjem i minst to nordiske land. Artiklane skal til dels skrivast av granskarar i dei einskilde landa, til dels av redaktøren. Ein hovudtanke er at leksikonet skal ta vare på vitskaplege resultat som elles ikkje vert publiserte. Samstundes skal det vera ein arbeidsreiskap for nordiske namnegranskarar. Tilfang som vert skrive for leksikonet, kan òg knytast til den dialektgeografiske databasen i Umeå, der det er høve til å få laga m.a. databaserte utbreiingskart.

Adressa til prosjektet er NONELex, Sturegatan 2A, S-752 23 Uppsala.

BH

INTERNASJONAL NAMNEGRANSKARKONGRESS I HELSINGFORS

I tida 13.-18. august 1990 vert den 17. internasjonale namnegranskarkongressen skipa til i Helsingfors. Hovud-

emnet for kongressen er "Namnesystem", ein tittel som vel kan omfatta mange ulike sider ved det som har med namnegransking å gjera. Det har meldt seg nærare 300 deltakarar til kongressen, om lag 200 av desse med foredrag.

Dei internasjonale namnegranskarkongressane vert skipa til av fagmiljøet i eit einskilt land i samråd med Den internasjonale komiteen for namnegransking (ICOS), som har sete i Leuven i Belgia.

RAPPORT FRÅ STADNAMNSEMINAR PÅ AGDER

Som vi nemnde i førre nummeret, arrangerte Agder Historielag og Nordisk institutt ved Agder distriktshøgskole eit seminar om stadnamn og namneinnsamling 30. september i fjor. Foredraga er no utgjevne i ein enkel rapport som kan tingast hjå Agder Historielag, Postboks 136, 4601 KRISTIANSAND. Prisen er 10 kroner pluss porto. Rapporten inneheld desse artiklane:

Olav Hårtveit: Kva kan namn fortelje; **Ole Bernt Syvertsen**: Normeringsproblem - særleg i byane; **Martin Skjekkeland**: Innsamling av stadnamn. Bruken av kart og namnelister; **Tom Schmidt**: Framtidig bruk av innsamlet stedsnavnmateriale. Hvilke muligheter åpner seg ved EDB-registrering?

Vi vil oppmode andre som skal ha liknande arrangement, om å prøve å få foredraga trykte etterpå, gjerne med referat av sentrale innlegg frå eventuelle diskusjonar attåt. Ei slik trykksak kan godt lagast så enkelt og rimeleg som råd. Det viktigaste er at stoffet når ut til alle interesserte som ikkje hadde høve til å vera med sjølve. Arrangørane vil samtidig få ein fullgod dokumentasjon på det som vart teki opp i foredrag og elles.

STADNAMNLEKSIKONET I NY UTGÅVE

Norsk stadnamnleksikon har nyss komi ut i tredje utgåva og med raud perm i staden for den gamle gule. Redaktørane har skrivi eit kapittel om "Råd og rettleiing ved namngjeving

og normering av namn". Den nye stadnamnlova, som Stortinget vedtok no i vinter, er trykt saman med utkast til nye føresegner frå NOU 1983:6 Stadnamn. Innleiingsartiklane og leksikondelen er opptrykte utan endringar. Det er harmeleg at nyutgåva slik dreg med seg alle feil og mistak frå den førre, som t.d. at Land har preposisjonen på (det heiter i Land), og at Jevnaker tyder 'den gamle, flate åkeren' (det skal vera 'den **jamne**, flate åkeren'). Boka kostar 369 kroner.

STADNAMNLISTER I ODDA

Våren 1989 fann arkivar Brita Jordal ved Lokalhistorisk arkiv, Industristadmuseet i Odda, gamle stadnamnlister i eit arkiv etter skulestyrar Johannes Apold (1868-1950). Dette arkivet tilhøyrer i dag Lokalhistorisk arkiv. Til saman inneheld listene om lag 3200 namn. (Kopi av listene er sendt Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, og Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo.)

Namna er ordna etter siste lekk, og for kvart namn er det ført opp gardsnummer (dvs. dei gardsnumra som galdt til 1964). Listene er usignerte, men Tormod K. Eitrheim har stadfest at listene er utarbeidde av far hans, Kristofer Eitrheim. Kristofer Eitrheim (1880-1947) var skuleinspektør i Odda, og arbeidet med listene vart utført i 1920-åra. I hovudsak skjedde innsamlinga ved at bygdefolk kom innom heimen hans som informantar. Dessutan fortel ei skriftleg kjelde (Johannes Apold, 1938) at Eitrheim òg fekk overlevert stadnamn som Odda Ungdomslag hadde samla inn.

Etter andre verdskrigen kom eit uinnbunde hefte med tittelen "Ord bruka i stadnamn ("innangardsnamn") frå Odda herad, åleine, til siste lekk eller fyrste lekk". Dette var òg Kristofer Eitrheim sitt arbeid, og bygde på same prinsipp som listene frå 1920-åra. Sonen Tormod K. Eitrheim stod for denne utgjevinga.

Kristen D. Eitrheim
Odda

STADNAMNPROSJEKTET I HORDALAND

Prosjektet starta i 1987 ved at Lokalhistorisk rettleiingsteneste i Hordaland (som er ein del av kulturavdelinga i fylkeskommunen) tok initiativ til eit samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og Nordisk institutt på Universitetet i Bergen for å gjera ferdig arbeidet med stadnamninnsamling i Hordaland. Rettleiingstenesta har til no vore samordnande instans, medan Nordisk institutt har vore fagleg ansvarleg for innsamlingsopplegget.

Prosjektet vart presentert for kulturkontora våren 1987 saman med eit grovt overslag over kor mykje innsamlingsarbeid som stod att å gjera i kvar kommune. Overslaget tok utgangspunkt i ei oversikt over tidlegare innsamla materiale som Hans Bringeland hadde utarbeidd for kulturavdelinga. Oversikta viste at berre 10 av 34 kommunar så langt var tilnærma ferdig innsamla. På denne bakgrunnen vart kulturstyra bedne om å løyva midlar til innsamlingsarbeid.

Til no har det vore samla inn stadnamn i 18 kommunar. Aktiviteten har veksla mykje alt etter kva ressursar kommunane har kunna avsjå. Arbeidet vert drive i regi av kulturkontora med konsulenthjelp frå dei sentrale instansane. Dei fleste kommunane har berre kunna finansiera 2-3 månadsverk i året; andre har fått utført mykje ved hjelp av sivilarbeidarar eller sysselsetjingsprosjekt. I all hovudsak har det altså dreia seg om betalt innsamlingsarbeid. I éin kommune er det likevel sett i gang eit storstilt friviljug arbeid av sogelaget (Radøy). Den mest omfattande innsatsen til no har skjedd i Kvam, der ein med hjelp av ca. 3 sysselsetjingsårsverk i løpet av vel eitt år har samla inn 17 000 stadnamn. I tillegg er også innsamlingsarbeidet fullført i Austrheim. Ein reknar med at det til no er utført rundt 9 årsverk innsamlingsarbeid. Eksakte stadnamntal manglar, men truleg er det no samla inn rundt 60 000 namn i regi av prosjektet.

Metoden for innsamlingsarbeidet er den same som i Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane. Til hjelp for innsamlarane har Hordalandsprosjektet fått Hans Bringeland til å utarbeida heftet "Innsamling av stadnamn. Ei rettleiing" (1989). Bringeland var til i fjor konsulent for prosjek-

tet, og har saman med Jarle Bondevik og Oddvar Nes på Nordisk institutt teke seg av naudsynt opplæring. I år overtok Ole-Jørgen Johannessen som stadnamnansvarleg ved instituttet, medan Kjell Erik Steinbru tok til som ny konsulent i fjor haust. Steinbru har også byrja overføra opplysningar frå stadnamnlister, kart og lydband til ein database (sjå elles nedanfor).

Rettleiingsheftet og fleire opplysningar kan ein få ved å venda seg til Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN, eller til Lokalhistorisk rettleiingsteneste i Hordaland, Postboks 4324 Nygårdstangen, 5028 BERGEN.

Egil Nysæter
Bergen

DATAREGISTRERING AV STADNAMN I HORDALAND

Hausten 1989 tok Nordisk institutt på Universitetet i Bergen i samarbeid med Hordaland fylkeskommune til med å dataregistrera stadnamn som er samla inn i fylket. Første kommunen ut var Austrheim i Nordhordland. Frå Austrheim er det samla inn og dataregistrert vel 2000 namn. Sia er det òg skrive inn ein del stadnamn frå kommunane Stord og Øygarden. Dataregistreringa følgjer same mønsteret som i Sogn og Fjordane.

Det kan vera av interesse å nemna at det er komme i stand ei særordning for Sund kommune på Sotra. I Sund vil tilsette på teknisk etat sjølve setja i gang med å dataregistrera stadnamn frå kommunen. Dei kommunetilsette vil likevel ikkje fylla ut alle felta i registreringsskjemaet. Det gjeld blant anna felta for uttaleopplysningar og leddanalyse. Desse felta vil bli utfylte av fagkyndige personar på Nordisk institutt i ein andre fase. Dei tilsette på teknisk etat i Sund vil òg prøva å digitalisera kartkoordinatane for kvart namn. Den generelle regelen er at det er Statens kartverk som tek seg av denne digitaliseringa.

Samarbeid av denne arten, mellom innsamlingsleiinga i fylket og dei tekniske avdelingane i dei ulike kommunane, skulle det gjerne vore meir av. Eit slikt samarbeid vil

kunna gi gjensidig velvilje og forståing og gjera alle partar betre i stand til å bruka det lokale namnematerialet på ein rett måte. Mindre feilnormering av stadnamn når dei blir brukte i offentleg planlegging, på ulike kart, på vegskilt osv., må vera eitt av måla her.

Kjell Erik Steinbru
Bergen

MINNESKRIFTER OM GUSTAV INDREBØ

Til hundreårsminnet for Gustav Indrebø 17. november 1989 kom det tre verdfulle skrifter. Norsk Bokreidingslag gav ut boka På norsk grunn (Bergen). Her er opptrykt størstedelen av kapitlet om Ivar Aasen i Indrebøs hovudverk, Norsk målsoga, og kapitlet "Fraa norsk til dansk" i Norsk namneverk. Jarle Bondevik og Oddvar Nes har laga bibliografi over trykte arbeid av Indrebø. Bibliografien er sterkt utvida i høve til tidlegare oversyn. Såleis har alle tidsskriftartiklar - 200 i talet - no komi med, og heilt nytt er eit tilfang av 429 avisstykke. Dei fleste stykka har redaksjonen fått frå dottera åt Indrebø, Inger Indrebø Eidissen, som har gått systematisk gjennom privatarkivet etter faren. Bibliografien inneheld i alt 629 nummer. I tillegg kjem 29 intervju med Indrebø oppsette i eiga liste.

Inger Indrebø Eidissen har sjølv skrivi om faren under tittelen "Gustav Indrebø, far min" i Vestmannen nr. 9, 15. nov. 1989. Ho legg særleg vekt på kvardagslaget heime og til fjells i feriane, og fortel mykje forvitneleg som ein ikkje kan lesa seg til andre stader. Heile dette nummeret av Vestmannen er vigd minnet åt Gustav Indrebø.

Per Hovda vart styrar for Norsk stadnamnarkiv etter Indrebø og kjende han godt frå personleg samvær. I Fram daa, Frendar 1989 skriv han med varme og djup vørdnad om Indrebø som fagmann og menneske. Også dette stykket legg nye trekk til biletet av Gustav Indrebø.

KK

UNDREDAL I HARDANGER?
Grove feil i namnebruken på Europa-kartet til Falken

Det nye Europa-kartet til Falken er sikkert til god hjelp for mange bilistar og andre reisande i dei europeiske landa. Med nærare 95 doble kartsider pluss 19 heilsides og 54 halvsides bykart skulle det gje eit godt grunnlag for å ta seg fram til ulike spanande mål. Namneregisteret omfattar heile 79 000 namn. Rimeleg er det òg, berre 78 kroner (for medlemer, noko meir for ikkje-medlemer). Det var reklamen.

Mindre hyggeleg er det å sjå at stadnamna synest vera skrivne og til dels plasserte riv ruskande gale. For dersom dei feila eg har notert meg frå mitt eige heimefylke, Hordaland, er representative for heile kartverket, er det grunn til å ropa eit varsku. No er det ikkje Falken som står bak kartproduksjonen, men det sveitsiske kartforlaget Hallwag, og det er vel dei som må ta ansvaret for namnsetjinga. Men like fullt er det grunn til å gjera dei norske utgjevarane og brukarane av kartboka merksame på den slendrian som i alle høve kjem til uttrykk for den norske kartdelen.

At utlendingar står bak, ser ein alt ved det som står under forklaringa til namneregisteret. Eg siterer (bokstavrett):

"**Steds- of navnfortegnelse.** Etterfølgende fortegnelse inneholder alle navn som sees på kartsidene 1-95. Forkortelser på kartet er forklart på indeks-siden. Navn med artikel foran (f.eks. Le Landeron) er oppført under egennavn (Landeron, Le). I forbindelse med hvert navn or registreringskjennotegneno for de enkelte land oppført i henhold til nedenstående liste."

Kvar har det vorte av norskkunnskapane her? Men så til kartsida over Hordaland (blad 24). Undredal er oppført der det skulle stå Lofthus. At Undredal òg står på sin plass i Sogn, og altså to gonger i registeret, gjer ikkje forvirringa mindre. Elvenamnet "Leira" (for Leiro) står oppført i staden for Bjoreio (Eidfjord). Slike forvekslingar finst det sikkert fleire av. Men det er likevel **skrivemåten** av namna som utgjer den verkeleg store mengda av feil. Svært ofte er ubunden form nytta i staden for bunden form, t.d.

Sørfjord, Eidfjord, Hardangerfjord for Sørfjorden, Eidfjorden, Hardangerfjorden; likeins Brattlandsdal for Brattlandsdalen, Raundals elv (i to ord) for Raundalselvi. Andre feil er Melderskinn for Melderskin, Nupseggen for Nupseggi, Lønehorgje for Lønahorgi, Tjønberget for Tjørnberget, Bjoreidashytta for Bjoreidalshytta. Valldalseter er oppført som namn for Valldalen (Røldal), eit område som har vore neddemt i 20 år - utan at det er markert på Europa-kartet. Slik kunne ein rekna opp feil etter feil.

Forklaringa på virvaret er truleg enkel: Kartet er gjeve ut av eit utanlandsk forlag, basert på forelda norske og utanlandske kartutgåver. Gamle feil har vorte stående, samstundes som nye har kome til. Korleis vil så neste utgåve sjå ut?

Einaste løysinga på dette er at kartutgjevarane går til kjeldene, dvs. til karta til Statens kartverk, og oppdaterer skrivemåten og annan kartinformasjon.

BH

Kopi: Falken Redningskorps og Hallwag AG, Bern

BILATLAS NORGE

Den største private kartprodusenten her i landet, Cappelens Kartinstitutt, har gjeve ut eit nytt bilatlas for Noreg i målestokk 1:400 000, fordelt på 46 dobbeltblad. Atlaset har òg med sentrumskart i målestokk 1:25 000 for 40 norske byar. Namneregisteret inneheld 40 000 namn. Dette kartverket byggjer på det eksisterande Cappelens bil- og turistkart i målestokk 1:325 000 (utgjeve i 5 dobbeltblad), men er sjølvsagt oppdatert når det gjeld vegar og andre sider ved kulturlandskapet. Det nye atlaset vil sikkert verta ynskt velkome av vegfarande som vil orientera seg i eit hendig og velutstyrt kartverk.

Utvalet av namn i det nye bilatlaset er så vidt eg kan sjå, identisk med 325 000-serien. Namneregisteret i bilatlaset svarar då òg til det registeret som vart utgjeve til 325 000-serien i 1981. Det ser ikkje ut til å ha vore gjort nokon revisjon av skrivemåten av stadnamna på den

nye kartutgåva - former som Missingene for Missingane, Skjærhalden for Skjærhallen (M711-kartet har Skjærhollen), Vallø for Valløy (alle i Oslofjorden) er ikkje uvanlege. Ofte er ubunden form nytta i namn der målføret har bunden form, t.d. ser ein ikkje sjeldan -øy i staden for -øya. Ingen kan truga ein privat kartinstitusjon til å fylgja den offisielle skrivemåten av stadnamn, men det er uheldig - for å seia det mildt - at det er så mange skrivemåtar som avvik frå det offisielle kartverket, og dermed frå reglane for skrivemåten av stadnamn. Kommentaren til dette frå Cappelen er truleg at dei nyttar den skrivemåten folk flest i området er "van" med.

BH

NY OG NYTTIG INTERNASJONAL FORNAVNBOK

For noen måneder siden fikk vi et gledelig og nyttig tilskudd til personnavnbiblioteket på Avdeling for namnegransking, nemlig Internationales Handbuch der Vornamen. Som tittelen sier, er dette ei tysk bok; den er utarbeidet av Otto Nüssler i 1986. Boka er delt i to bind. Det første (hovedbindet) begynner med et kapittel om internasjonal fornavnrett. Det viktigste er imidlertid fortegnelsen over fornavn, som igjen består av en innledning og et svært omfattende navneregister på hele 66 711 navneformer (489 sider). Bind 2 kom ut i 1987, og inneholder et baklengs-sortert register over alle navneformene i bind 1.

Kapitlet om internasjonal fornavnrett er skrevet av Michael Coester. Hovedvekten er lagt på vesttyske regler for fornavnvalg. Men vi får også en kort historisk innledning om fornavn i sin alminnelighet, og en innføring i hvilke regler som gjelder for valg av fornavn i mange europeiske land, ved siden av Argentina og USA. Disse opplysningene ser ut til å være innhentet ved personlig henvendelse til (særlig) jurister i de enkelte landa, kanskje med sviktende oppfølging ved mangelfull respons. Iallfall savner vi fra nordisk side både Danmark og Island. (Færøy-

ingene har foreløpig ikke sin egen navnelovgivning, så det er mer forståelig at de ikke er kommet med.)

Som nevnt er navneregisteret det spesielt nyttige ved denne boka. Registeret er bygd opp ved gjennomgåelse av hele 57 europeiske navnebøker. Samtlige navn fra disse bøkene er ført opp med kildehenvisninger. Vi som arbeider med personnavn på Avdeling for namnegransking, har allerede løst mange navnespørsmål ved hjelp av disse henvisningene. Men - her som ellers - enhver er seg selv nærmest. Og det går begge veier: Igjen er det tyske språket best representert. 13 kilder er fra tysk språkområde, mot 10 fra det engelske og 5 fra det franske. Fra vår synsvinkel er det verre at ingen norske navnebøker er kommet med, og dermed ikke særnorske navn som Kyrre, Sondre, Unndis og Åsne. Dette forklares med at man ikke har klart å få tak i kildene. Riktignok har Norsk personnamnleksikon vært utsolgt fra forlaget en tid, men det fins flere norske fornavnbøker. Og hva har vi biblioteker til?

Noe ris, men mest ros til Internationales Handbuch der Vornamen.

Anne Svanevik
Oslo

FRÅ INSTITUTT TIL AVDELING

Det som var Institutt for namnegransking, er no Avdeling for namnegransking (forkorta **AN**) og høyrer inn under Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved Universitetet i Oslo. For fagfellar og andre vi har kontakt med her heime og i utlandet, får omskipinga ingen praktiske konsekvensar så langt vi kan sjå i dag. Avdelinga har dei same oppgåvene og pliktene som instituttet hadde, både når det gjeld innsamling, arkivering og gransking av namn, og når det gjeld hjelp og rettleiing til einskildpersonar, lag og institusjonar. Det einaste vi vil be om, er at folk hugsar på namneskiftet når dei skriv til oss. Postadresse og telefonnummer er elles uendra (sjå s. 2).

STADNAMNLOVA ENDELEG VEDTEKEN

I statsråd den 12. oktober 1979 vart det oppnemnt eit offentleg stadnamnutval som skulle koma med framlegg til nye reglar om skrivemåten av stadnamn. I mars 1983 la utvalet fram si innstilling (NOU 1983: 6 Stadnamn).

I dei fylgjande åra arbeidde Kultur- og vitskapsdepartementet med ein lovproposisjon om saka. På grunn av regjeringsskiftet våren 1986 tok saka lengre tid enn venta. Den 14. april 1989 kunne proposisjonen (Ot.prp. nr. 66 [1988-89]) endeleg passera statsråd. Stortinget fekk ikkje tid til å handsama proposisjonen i den sesjonen, og 25. august la departementet han fram på ny (Ot.prp. nr. 2 [1989-90]) for neste stortingssesjon.

Kyrkje- og undervisningskomiteen la fram si innstilling 15. februar 1989 (Innst. O. Nr. 22, jf. Ot.prp. nr. 2), og 22. februar 1990 vart så lova vedteken av Odelstinget (mot Framstegspartiet sine røyster) og av Lagtinget 20. mars. Lovteksten fylgjer nedanfor, med merknader til paragrafane.

Under handsaminga i Odelstinget la Kjell Borgen (Ap) fram komitéinnstillinga sidan saksordføraren, Ranveig Frøiland frå same parti, var oppteken i Lagtinget. Det lengste og mest engasjerte innlegget heldt Hallgrim Berg (H), og det på hallingmål; stortingsstenografane hadde si fulle hyre med å få det skriftfest. Dette innlegget er gjeve att nedanfor. Elles hadde Anders Aune (Aunelista), Eva Finstad (H), Finn Thoresen (Fr), Jan Simonsen (Fr) og statsråd Eleonore Bjartveit ordet i debatten.

Fredag 18. mai vart lova sanksjonert av Kongen i statsråd. Lova skal gjelda frå 1. juli 1991.

Kyrkje- og kulturdepartementet har løyvd 2500 kroner til prenting av lova med merknader i Nytt om namn. Redaksjonen takkar for det gode tilskotet.

BH

Lov om stadnamn

av 18. mai 1990

§ 1. Definisjonar

Stadnamn tyder i denne lova namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast.

Bruksnamn tyder i denne lova namn på eigedom med gards- og bruksnummer eller gards-, bruks- og festenummer.

§ 2. Geografisk verkeområde

Så langt Kongen fastset, skal lova også gjelde for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone.

§ 3. Bruk av stadnamn

Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal skrivemåten brukast av alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig fullt ut, og stiftingar som er oppretta av det offentlege. Andre skal bruke skrivemåten når dei gjer enkeltvedtak eller gir forskrift. Det same gjeld for skriving av namn i godkjenningspliktige lærebøker og i læremiddel utgitt med statsstøtte.

Samiske og finske stadnamn som blir nytta blant folk på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform.

§ 4. Reglar om skrivemåten

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For finske stadnamn i Nord-Noreg skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk.

Same namnet på ein og same staden skal som hovudregel ha berre ei skriftform i kvart språk.

Når særlege grunnar talar for det, kan skrivemåten av stadnamn avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp.

§ 5. Særskilde reglar om bruksnamn

Eigar eller, dersom eigedommen er festa bort, festar fastset skrivemåten av bruks-

namn.

Skrivemåten av bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglar i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal likevel fastsetjast etter reglane i §§ 4 og 6.

§ 6. Fastsetjing av skrivemåten

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av:

a. Offentlege organ og andre som er nemnde i § 3 første ledd første punktum.
b. Eigar eller, dersom eigedommen er festa bort, festar når bruksnamnet kjem inn under § 5 andre ledd.
c. Lokal organisasjon med særleg tilknyting til eit stadnamn.
d. Stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.

Kommunestyret eller den det gir fullmakt, gjer vedtak om skrivemåten av namn på kommunale gater, vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkestinget eller den det gir fullmakt, gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l.

Når ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift gjer vedkommande statsorgan vedtak om skrivemåten av namn på statlege admi-

nistrative område, anlegg o.l. Det same gjeld stadnamn på Svalbard, Jan Mayen, den norske kontinentalsokkelen, i Noregs økonomiske sone og i dei norske bilanda.

Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av andre stadnamn.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

Offentlege organ og andre som er nemnde i første ledd, skal halde fram med å bruke dei namneformene som er i bruk av det offentlege når lova blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak etter reglane i denne lova.

§ 7. Nærmare om saksbehandlinga

Eigar eller, dersom eigedommen er festa bort, festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn. Kommunane har rett til å uttale seg før det blir gjort vedtak om skrivemåten av stadnamn i kommunen. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har særleg tilknyting til.

Dei som har rett til å uttale seg i saka, skal få varsel når saka blir teken opp. Dei skal få kopi av tilrådinga frå stadnamnkonsulentane, og dei har rett til å få sjå fråsegner frå dei

andre partane. Dei skal få melding om vedtaket i saka.

Det organet som gjer vedtak etter § 6 andre til fjerde ledd, skal på førehand leggje saka fram for stadnamnkonsulentane. Når vedtaksorganet krev det, eller når stadnamnkonsulentane finn det nødvendig, skal stadnamnkonsulentane gi tilråding om skrivemåten.

Alle kan få innsyn i tilrådinga frå stadnamnkonsulentane.

Når vedtaket skal gjerast av slike organ som er nemnde i § 6 tredje og fjerde ledd, skal stadnamnkonsulentane sende saka til vedkommande kommune til fråsegn. Kommunane skal også syte for varsling om at saka er teken opp, til eigar eller festar i saker som gjeld bruksnamn, og til lokale organisasjonar i saker dei har særleg tilknyting til. Kommunen skal samordne innhenting og utsending av fråsegner og gi melding om at det er gjort vedtak.

Med mindre anna er fastsatt i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VII ikkje for saker etter stadnamnlova.

§ 8. Klage

Vedtak om skrivemåten kan påklagast av dei som etter § 6 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klageretten gjeld også vedtak gjorde

av kommunar og fylkeskommunar. Vedtak gjort av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast.

For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbehandlingsreglane i § 7 tilsvarande.

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi Norsk språkråd, Samisk språkråd og departementet høve til å uttale seg.

Departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny avgjerd etter klage. Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

Elles gjeld reglane i forvaltningslova kapittel VI.

§ 9. Stadnamnkonsulentar

Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske, samiske og finske stadnamn.

Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn.

§ 10. Stadnamnregister

Det skal opprettast eit sentralt stadnamnregister.

Alle skriftformer som er endeleg fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.

Opplysningane i registeret er offentlege.

§ 11. Unntak

Når særlege grunnar talar for det, kan departementet i enkelttilfelle gjere unntak frå reglane i lova og forskriftene.

§ 12. Forskrifter

Kongen kan gi forskrifter til utfylling og gjennomføring av lova.

§ 13. Iverksetjing

Denne lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Frå same tid blir det gjort følgjande endring i lov 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven):

§ 5-3, Bruksnavn, skal lyde:

Det kan brukes navn på eiendommene i målebrev, grunnbok m.v. Navnet bestemmes av eieren.

Dersom navnet allerede er i bruk som slektsnavn og ikke hører til de mer vanlige, kan navnet bare velges dersom eieren dokumenterer at navnet har gammel, nedarvet tilknytning til eiendommen.

Adresse bør ikke brukes som bruksnavn. Oppmålingsmyndigheten kan slette slike bruksnavn når adressen endres. Melding om slettelse sendes tinglysingsdommeren og hjemmelshaveren.

7. MERKNADER TIL PARAGRAFANE I UTKASTET TIL LOV

Merknader til § 1: Definisjonar

Første ledd

Stadnamn er ei fellesnemning for namn på lokalitetar av ulike slag. Stadnamna omfattar undergrupper som t.d. bruksnamn og naturnamn. Uttrykket stadnamn dekkjer alle undergrupper så langt ikkje anna er sagt.

Andre ledd

Bruksnamna er som nemnt ei undergruppe av stadnamna og den einaste undergruppa det er grunn til å skilje ut i denne samanhengen. Ho er avgrensa til å gjelde namn på eigedom med gards- og bruksnummer eller gards-, bruks- og festenummer.

Departementet har i proposisjonen ikkje skilt mellom gardsnamn og andre bruksnamn, då dette hovudsakleg synest vere av matrikkelteknisk interesse.

Stadnamnutvalet gjorde framlegg om at stadnamnlova får ein særskild formålsparagraf med slik ordlyd: «Denne lova gjev reglar om skrivemåten av stadnamn. Formålet med å gje reglane er at stadnamna i riket til saman skal utgjera eit einskapleg namneverk og at stadnamna skal takast vare på som kulturminne.» Departementet er einig i det formålet som her er utforma, men finn det ikkje nødvendig å ta dette inn i lova.

Merknader til § 2: Geografisk verkeområde

Før lova kan gjerast gjeldande for dei områda som er nemnde i § 2, må kvart område vurderast for seg og reglane om skrivemåten av stadnamn tilpassast tilhøva der.

Omsynet til utanlandske verksemder tilseier at det blir gitt særreglar når det gjeld Svalbard og Jan Mayen. Her er det også nødvendig at norske styresmakter har høve til å gå fram fleksibelt overfor utanlandske styresmakter og konsesjonshavarar.

Bilanda er ikkje delar av Kongeriket Noreg slik Svalbard og Jan Mayen er det. Tradisjonell namnsetjing der avspeglar dessutan langvarig forskings- og fangstaktivitet av internasjonal karakter, noko som gjer at stadnamna der skil seg ut frå andre stadnamn lova femner om. Det må leggjast vekt på desse momenta når skrivemåten av slike namn skal fastsetjast, jf. § 4 tredje ledd.

Norsk jurisdiksjon over den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone er avgrensa til den funksjonelt bestemte kompetansen som folkeretten heimlar for nasjonalstaten over desse områda. Det kan også tenkjast eit framtidig internasjonalisert harmoniseringsarbeid når det gjeld namngiving til havs, t.d. innanfor internasjonale organisasjonar.

Merknader til § 3: Bruk av stadnamn

Første ledd

Første ledd pålegg offentleg organ plikt til å bruke fastsette namneformer i tenesta når slike finst.

Offentleg organ tyder her alle statlege, fylkeskommunale og kommunale organ som skriv stadnamn i tenesta, medrekna offentlege verksemder og domstolar. Offentlege verksemder omfattar både forvaltningsverksemder og statlege, fylkeskommunale og kommunale verksemder som det offentlege eig fullt ut, uavhengig av kva for lover dei er organiserte etter. Regelen gjeld også for Stortinget og organ for Stortinget, t.d. Sivilombodsmannen.

Lova gjeld ikkje når privat rettssubjekt skriv stadnamn, bortsett frå når privat rettssubjekt fungerer som forvaltningsorgan, jf. § 1 i forvaltningslova. Når private kartprodusentar lagar kart m.m. for det offentlege, pliktar det offentlege organet å syte for at kartprodusenten brukar fastsette skriftformer. Tilsvarande gjeld når andre verksemder, konsulentar m.m. lagar materiale med stadnamn for eit offentleg organ.

Andre ledd

Andre ledd er ein spesialregel for bruk av fastsette skriftformer i område med to eller fleire språk.

Med «stadnamn som blir nytta blant fol

på staden» er meint stadnamn som er i bruk blant folk som er busette på staden, anten allment, eller innanfor ei av språkgruppene. Etter departementets syn bør språklege minoritetar til vanleg ha rett til å få sine eigne stadnamn tekne i bruk, dersom ikkje særlege praktiske eller tekniske vanskar talar mot det.

Dersom ein stad har både norsk, samisk og finsk namn, kan det ut frå praktiske grunnar vere nødvendig å velje anten finsk eller samisk namn i tillegg til det norske. I slike høve bør ein velje eldre namn framfor yngre og til vanleg sjå bort frå omsetjingar. Avgjerande vekt bør leggjast på den lokale namnetradisjonen og på kulturminneomsynet. Det må om nødvendig fastsetjast skriftform for kvart språk.

Eigedom med norsk namn i samisk eller finsk busetjingsområde kan eigaren gi samisk eller finsk namn i staden for eller i tillegg til det norske namnet. § 4 gjeld for skrivemåten av slike namn, jf. likevel § 5 første ledd.

Merknader til § 4: Reglar om skrivemåten

Første ledd

§ 4 inneheld dei generelle reglane om skrivemåten av stadnamn, medan § 5 inneheld særreglar om skrivemåten av bruksnamn. For samanhengen mellom stadnamn og bruksnamn viser vi til merknadene til § 1.

Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert innanfor ein brukarkrins, m.a.o. den uttalen som har vore vanleg på staden og som framleis er i bruk. Skriftformene skal etter framlegget fastsetjast med utgangspunkt i denne uttalen, og skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp når det er tale om språkelement som er normerte i moderne norsk. Namn med utdøydde eller uklare språkelement, skal, så langt det er rimeleg, skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp, t.d. når det gjeld enkel eller dobbel konsonant.

Det vil bli gitt forskrifter med utfyllande reglar om skrivemåten av stadnamn, m.a. når det gjeld bruk av nynorsk og bokmål. Dei to målformene vil bli likestilte ved fastsetjing av skrivemåten. Grunnlaget for normeringa ligg i den nedervde lokale uttalen, og ved fastsetjing av skrivemåten skal ein som hovudregel nytte dei formene (hovud- og sideformer) i gjeldande rettskriving som høver best med uttalen på staden.

Stadnamna bør i visse tilfelle kunne avspegle regionale målmerke, jf. pkt. 4.4. Det same gjeld lokale målføreformer, når særskilde grunnar talar for det. Det er likevel ikkje meininga å gi att alle lokale målførevariantar. Ein bør halde seg til visse hovudtypar i lydverk og formverk, og leggje større vekt på regionale enn lokale målmerke.

Med gjeldande rettskriving er meint den rettskrivinga som gjeld til kvar tid. Det er likevel ikkje meint ei automatisk plikt til endring av alle aktuelle namneformer om rettskrivinga blir endra. I samband med større rettskrivingsreformer vil det vere rimeleg å vurdere kor langt nye former skal gjennomførast i stadnamn.

Finske - også kalla kvenske - stadnamn i Troms og Finnmark skal følgje rettskrivingsprinsippa i finsk. Finske stadnamn på Austlandet kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp.

Andre ledd

Det same stadnamnet kan samstundes og på same staden vere namn på fleire gardsbruk, på ei grend, ein skole, eit postkontor, ein haldeplass m.m. Når same namnet slik blir brukt om ulike einingar på same staden, skal det som hovudregel berre ha ei skriftform for kvart språk.

Når ulike former av same namnet har lang tradisjon, eller er vel innarbeidde slik at det knyter seg sterke interesser til dei ulike formene, kan det vere aktuelt å gjere unntak frå hovudregelen.

Tredje ledd

Når særlege grunnar talar for det, kan skrivemåten av stadnamn avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp. Som særlege grunnar

vil departementet m.a. nemne at skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, eller at det knyter seg særleg sterke interesser til denne skriftforma, t.d. av økonomisk karakter. Utanlandske og reint litterære namn og nyare personnamn treng ikkje følgje norske rettskrivingsprinsipp. Norske skriftformer av samiske stadnamn kan likeins brukast når særlege grunnar talar for det.

Merknader til § 5: Særskilde reglar om bruksnamn

Første ledd

Hovudregelen er at eigaren eller festaren fastset skrivemåten for bruksnamn. Det vil normalt gjelde uavkorta for namn på nye bruk, bustadhus, hytter o.l. Regelen er likevel avgrensa av føresegnene i andre ledd.

Med festar er det her tenkt på langvarig feste av t.d. grunn til bustad- eller fritidshus. Bortleige, utleige eller forpakting blir ikkje her rekna som feste.

Andre ledd

Som nemnt i merknadene til § 1 har ikkje departementet i denne lova sett noko formelt skilje mellom gardsnamn og andre bruksnamn slik Stadnamnutvalet gjorde. I staden blir skiliet sett mellom bruksnamn som er, eller fell saman med, nedervt stadnamn og stadnamn utan slik tilknyting. I samsvar med dette er hovudregelen i første ledd avgrensa

av særregelen i andre ledd.

Når det gjeld bruksnamn som er språkleg og geografisk identiske med nedervde stadnamn, eller med namn som i medhald av andre reglar i denne lova eller i andre lover og forskrifter har fått eller vil få ei offisiell namneform, skal skrivemåten fastsetjast etter reglane i denne lova. Men også når det gjeld slike namn, skal det leggjast vekt på ønsket til eigaren eller festaren.

Merknader til § 6: Fastsetjing av skrivemåten

§ 6 gir reglar om kven som kan ta opp saker, kven som kan gjere vedtak, avgjerd i tvilsspørsmål og forholdet til eksisterande skriftformer.

Alle dei organa som kan gjere vedtak om skrivemåten etter andre til fjerde ledd i denne paragrafen, kan også ta opp namnesak etter første ledd bokstav a. I tillegg kan også eigar og festar av bruk, lokal organisasjon og stadnamnkonsulentar ta opp saker når visse vilkår er oppfylte. Avgjerdsorgana pliktar å ta stilling til skrivemåten i saker som er tekne opp av dei som er nemnde i første ledd, men kan sjølve velje om dei vil behandle saker som blir tekne opp av andre.

Det vil bli gitt eigne reglar om saksbehandlinga i forskriftene til lova.

Første ledd

Bokstav a

Alle offentlege organ, statlege, fylkeskommunale og kommunale, kan ta opp saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta. Det same kan selskap som det offentlege eig fullt ut, og stiftingar som er oppretta av det offentlege.

Bokstav b

Som i § 5 andre ledd er det også her tenkt på langvarige feste av grunn; leige og forpakting fell utanfor. Offentlege organ kan berre ta opp slike saker dersom det skal bruke namnet i tenesta.

Bokstav c

Organisasjonar og samanslutningar som t.d. burettslag, vel-foreiningar, språkorganisasjonar og historielag vil til vanleg kunne seiast å ha særleg tilknyting til stadnamna i området.

Bokstav d

Stadnamnkonsulentane har eit særleg ansvar for at vi i rimeleg grad får eit einskapleg namneverk, og bør såleis ha rett til å ta opp namnesaker.

Andre ledd

Kommunar og fylkeskommunar vil etter denne føresegna framleis fastsetje skriftfor-

mer for dei same stadnamna som dei til no har hatt ansvaret for. Det nye er at dei etter § 7 tredje ledd skal leggje sakene fram for dei offisielle namnekonsulentane før det blir gjort vedtak, og at vedtaket kan påklagast til klagenemnda etter § 8.

Tredje ledd

Med vedkommande statsorgan er meint det statsorganet som har det administrative ansvaret for området, anlegget o.l. Postverket vil t.d. fastsetje skrivemåten av namn på postkontor, Noregs statsbaner av namn på stasjonar og Noregs vassdrags- og elektrisitetsverk av namn på sine anlegg.

Alle statsorgan skal bruke dei fastsette, offisielle skriftformene. Dersom det ikkje er fastsett skriftform, kan saka takast opp med det organet som etter andre til fjerde ledd har avgjerdsrett.

Statsorgan som skal bruke stadnamnet i tenesta, fastset skriftforma etter reglane i lova og forskriftene. Ofte vil det vere slik at eitt og same namnet blir brukt av fleire organ og om ulike namneobjekt, t.d. som namn på postkontor, militært anlegg eller haldeplass for lokaltrafikk samtidig som det også kan vere bruksnamn. I slike tilfelle skal namnekonsulentane koordinere saksbehandlinga slik at alle partar eit vedtak får verknad for, får høve til å uttale seg.

Fjerde ledd

Statens kartverk fastset skriftformer for namn som ikkje hører inn under andre organ etter reglane i denne eller andre lover med forskrifter.

Sjette ledd

Mange av dei skriftformene som er i bruk av det offentlege, er fastsette etter dei reglane som har vore gjeldande før denne lova blir sett i verk. Andre er tekne i bruk utan særskilt vedtak.

Desse skriftformene treng ikkje vurderast på nytt utan at nokon av dei som er nemnde i første ledd, tek opp sak om det. Slike skriftformer vil ofte ikkje vere å finne i stadnamnregisteret, dersom dei ikkje er ein del av det tilfanget Statens kartverk har lagt inn frå sin hovudkartserie (M 711-serien), som vil vere basis for stadnamnregisteret. Vedtak om skrivemåte som blir gjort etter at denne lova er sett i verk, skal meldast til stadnamnregisteret og takast inn der, jf. § 10 andre ledd.

Merknader til § 7: Nærmare om saksbehandlinga

Første ledd

I første ledd i denne paragrafen er eigar eller festar, kommune og lokale organisasjonar gitt rett til å uttale seg i visse tilfelle. I forskriftene til lova vil det bli fastsett høvelege

fristar for slike fråsegner. Kommunane må få rimeleg tid til saksbehandlinga, samtidig som dette ikkje må seinke kartproduksjon og annan bruk av fastsette namneformer så mykje at det skaper vanskar.

Når skrivemåten av eit bruksnamn skal fastsetjast av andre enn eigar eller festar, dvs. av eit offentleg organ, har eigar eller festar rett til å uttale seg i saka før skrivemåten blir fastsett. Det skal leggjast vekt på det ønsket eigar eller festar har med omsyn til skrivemåte.

Femte ledd

Oversending av stadnamnsaker til eigar eller festar og til lokale organisasjonar med særleg tilknyting til stadnamnet, er lagd til kommunen fordi dette er den einaste instansen som har kjennskap til kven saka i desse tilfella skal sendast til.

Merknader til § 8: Klage

Første ledd

Offentleg organ er gitt klagerett i saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta. Det kan t.d. vere at det er fastsett ei skriftform som kan føre til uheldig og unødvendig forveksling med andre stadnamn som er mykje brukte av det offentlege.

Eigar eller festar av bruk kan klage på vedtak om skrivemåten av bruksnamn etter § 5 andre ledd.

Departementet finn det rimeleg at også lokale organisasjonar og samanslutningar med særleg tilknyting til stadnamnet, har klagerett.

Stadnamn er noko som opptek mange menneske, og ulike forhold kan verke inn på vedtaket. Stadnamna er dessutan ledd i eit samla nasjonalt namneverk med stor kulturhistorisk verdi. Departementet finn det derfor rimeleg at også vedtak gjort av kommunar og fylkeskommunar skal kunne påklagast.

Tredje ledd

Departementet tek sikte på at nemnda skal samansetjast slik: Leiar med høgsterettsdommars kompetanse og ein annan fast medlem oppnemnd på fritt grunnlag. I saker som gjeld norske stadnamn, skal nemnda i tillegg ha ein medlem for kvar målform. I saker som gjeld samiske eller finske stadnamn, skal nemnda ha ein medlem for samisk eller finsk.

Nemnda skal behandle klager over vedtak om skrivemåten av stadnamn. Klager på bruk av stadnamn må takast opp med vedkommande departement.

Norsk språkråd skal etter § 1 pkt. c i lov 18. juni 1971 om Norsk språkråd «uttale seg om prinsipper for normering av skriftspråket og av stedsnavn». Det er derfor rimeleg at Språkrådet kan gi prinsipielle fråsegner til klagenemnda. Samisk språkråd skal etter det

framlegget til samisk språklov som departementet førebur, vere rådgivande i språkspørsmål, og dette rådet bør derfor også kunne uttale seg om prinsipielle stadnamnspørsmål. Fram til Samisk språkråd blir oppretta, vil Samisk språknemnd kunne uttale seg i prinsipielle klagesaker. Departementet har det overordna ansvaret for saksfeltet, og bør ut frå dette ha høve til å uttale seg i klagesaker av prinsipiell karakter.

Fjerde ledd

Klager på vedtak gjort av eit departement skal ikkje avgjerast av klagenemnda, då ein ikkje finn det rimeleg at eit slikt organ skal føre kontroll med verksemda i departementa. Dersom nokon klagar på slike vedtak, skal departementet innhente tilråding frå klagenemnda før det vurderer omgjering av vedtaket. Klagenemnda vil såleis ha ein dobbel funksjon: Ho er klageorgan for vedtak som etter denne lova er gjort av andre enn eit departement, og rådgivande organ i klagesaker for departementa.

Merknader til § 9: Stadnamnkonsulentar

Første ledd

Offisielle namnekonsulentar skal oppnemnast på åremål for seks år om gongen. Dei bør ha embetseksamen med norsk hovudfag el-

ler tilsvarande utdanning, og røynsle frå stadnamnarbeid. Til hjelp for konsulentane skal det tilsetjast sekretærar. Departementet gir instruks for tenesta til namnekonsulentane og sekretærane.

Departementet bør ha høve til å oppnemne konsulentar for særlege oppgåver, t.d. i samband med revisjon av kartverk. Desse korttidskonsulentane må stå i nær kontakt med dei ordinære namnekonsulentane, slik at reglane blir praktiserte mest mogleg likt.

Merknader til § 10: Stadnamnregister

Første ledd

Dersom lova skal kunne fungere etter føresetnadene, må det byggjast opp eit sentralt EDB-basert stadnamnregister som inneheld godkjende namneformer. Dette er tenkt lagt til Statens kartverk, som alt har byrja å byggje opp eit slikt register over namn på hovudkartserien (M 711-serien).

Andre ledd

Når klagefristen er ute, eller klagebehandling er avslutta, og vedtak om skrivemåten av eit stadnamn er endeleg, skal dette meldast til registeret av det organet som har gjort vedtaket. Klagenemnda skal sjølv gi melding til stadnamnregisteret om vedtak i klagesaker.

Merknader til § 11: Unntak

Stadnamn har etter § 1 første ledd i lova ein svært vid definisjon. Og sjølv om lova berre skal gjelde stadnamn som er eller blir tekne i bruk av offentlege organ, får ho verknad for tusenvis av namn. Det er vanskeleg å lage eit regelverk som på ein tenleg måte kan ta omsyn til alle sider av saka. Mange av dei meir detaljerte reglane vil bli fastsette i forskrifter, som t.d. språklege retningsliner, klagereglar og reglar for konsulenttenesta.

Når særlege grunnar talar for det, bør departementet ha høve til å gjere unntak frå reglane i lova og forskriftene. Føresetnaden må likevel vere at det blir lagt vekt på intensjonane i lova.

Merknader til § 12: Forskrifter

Det vil vere særleg aktuelt å gi forskrifter om

- skrivemåte og bruk av stadnamn som kjem inn under § 2
- bruken av stadnamn
- grunnlag for val av skrivemåte og fastsetjing av skrivemåten
- namnekonsulenttenesta
- klagenemnda.

Merknader til § 13: Iverksetjing

Andre ledd

Etter lov 29. mai 1964 nr. 1 om personnamn § 8 skal det nektast løyve når nokon ønskjer å ta i bruk eit lite vanleg namn på gardsbruk som slektsnamn, og det kan reknast med at rettkomne interesser lid skade om søkjaren får namnet. At slektsnamn slik har eit særleg vern, bør etter departementets meining ikkje vere til hinder for at bruksnamn som har gammal, nedervd tilknyting til eigedommen, eller stader innanfor denne, kan givast til nye bruk.

HALLGRIM BERGS INNLEGG I ODELSTINGSDEBATTEN 22.2. 1990

Dæ æ eit stort framsteg at den store kulturskatten me ha i stadnåbno, fær stempel som kulturminnu og bi heimla i lov, og då i ei form som æ tidhøveleg og inkji nebnande byråkratisk.

Dagen i dag æ i røyndi ein merkjidag, ein fyrybels sluttstein på ei lang soge, og må kunna sjåast som ei sameining tå mange gode kulturkrefti. Dei i Vogt-nemnden, dei soto med desse saken i mange år. Dei i kyrkje- og undervisningsnemnden, dei soto med di sama. Samalaise med det offentlege stadnamnutvalet i si tid. Og i dei tjuge åro som era gjingi sea dei bala på i Vogt-nemnden, har ei offentleg utgreiing og tryå kulturministera hatt saki unde lupun sine.

Me trengji ei lov, det æ sikkert og visst. Gjønom åre ha det meldt se ein sterk trong for nye regla, myljo anna på grunn tå uklåre ansvarstehøvu i sakshandsamingen og inkji minst tå di at dei ymse retningslinun for skrivemåten tå stadnåbn ha vore i motstrid med einan.

No kjem det ei lov som mange ha venta på.

Skrivemåten tå stadnåbn æ noko som kan få kjenslun' allvåle i sving her i landé. Dei aller fleste tå dei som era knytt te ein stad, ein plass ell' eit gardsnabn, tru sjål at dei veta alt um dette mæ nåbn. Men slik æ dæ då alldeles inkji. Me låté soleis godtaka at det finst fagfolk på stadnåbn like mykjy som på are felt her i verd'n, og me må difor lyde på deira

råd. Me trengji bere gjerd og eit vetugt regelverk for koss nåbne sko skrivast.

Dæ æ ein heil haug med grunna te at det no endele bi ei lov um stadnåbn. Sko dei sjåast som kulturminnu, trengji dei lovvern. Og sko desse minnun bi stelt med klåre ansvarstehøvu, må me halde uss ette lovvegji. Eit huvuprinsipp æ at nåbn sko skrivast i samsvar med nedervd lokal dialektuttale, og gjevast att ette gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk mål — nynorsk ell' bokmål.

E vil gjedne få sea alder so lite um kor viktigt dæ æ at dæ bi tikji sikte på å verne dei norskspråklege røtadn i nabneverket. Stadnåbne era fysst og fremst praktiske hjålpemiddel, språklege merkjilappa, på busette områdu og på store og små særkjennu i nature omkring uss. Samstundes era dei vitnemål um buseting og menneskle stell og ståk i eldre tidi. Nåbne fortelja på ein forvitnele måte um folk som fyry uss foro.

Me ha myljo fire og fem milliona stadnåbn i dessé lande. Dei gje eit upplysande bilete um koss forfedran våre ha tepassa og utnytta natur og lende:

Buskerud — «biskopsrudningen», Hurum- «jaktåsane», Ulleren — «engsletta te guden Ull», era historiske brotstykkju or ei tid der elles berre arkeologi kan gje uss upplysninga i dag. Ta nabnet Oslo.

Ei gong i ti'n støa nåkle mæniskju se te på ei engslette ved åne like ved ein ås der eikji

vaks frodigt — staden hadde alt fått nabnet Oslo. Um dette æ å tolke som «gude-engji», «engji ved åsen», eller «engji ved osen», vilja nok namnegranskaran' stridast um. Det avgjerande æ at nabnet går lukt attende te førhistorisk tid, og at de æ ført vidar' i ei form som svara te den nedervde uttala, fårekna eit myljospel mæ Christiania/Kristiania i tryå hundre år.

Me veta at gjønom embetsverket i danske-ti'n vorto stadnåbne — både gards-, og bruks- og naturnåbne — skrivin på dansk, ofte i noko skiftande formi. Eit gardsnabn som Mele i Haus i Hordaland finst i myljo 25 og 30 ulike varianta i ymse eldre kjeldu. Då era me inne på noko ved denna love som æ omframt viktigt: Folk, bønda, eigara, festara må sjålve — te privat bruk — skrive akkurat ko for eit tå dessa 25 formo som dei sjålve vilja. Men på offentlege skjelt, på kart og so vidar, må det nyttast ei form som ska vera i samsvar med dæ språklege upphavet, og som byggjy på den nedervde lokale uttala. Detta sigji se sjål. På denna kloke måten vil love som me sko vedtaka i dag, rydde unda noko tå dei argskape som ha plaga mange gjæve folk i langsamele tid.

I samsvar med lokal uttale burde de no bi aitand «Sognsvann» på trikkji her i Oslo, og dæ bi inkje aitand «Strandevann» lenger på noko kart i Hallingdal, men Strandavatn. Og på vegaskjelt langsette riksvegji i Hallingdal

må det nok ette dagji i dag stå Torpo aust og Nesbyen aust på skjelto.

Dæ æ leitt og dæ æ ein vanskji at so mange mæniskju inkji sjå på målførun som dæ dei era, — ein nedervd, meir enn tusenårig språktradisjon.

Når dæ æ svall um nabnet på ein gard, kunn me stundo høyre noko slikt som at «det heter Braathen», — altso gjædne med dubbel a og ein h — «men vi sier Bråtån til vanlig.»

At det er mogleg å normere og arbeide fram nåbn på eit norskspråkleg grunnlag, viser Kolbotn i Oppegård. Fyry krigji var det nøggle te strid om Kullebund eller Kølabånn. Enden vart, ette teråding frå nabnekonsulento, den forme me kjenne i dag — ei norsk form fri frå innlånt fjørpynt.

Når me no era so heldig å bu i eit tå dei kulturlondo som era såpass langt kome at me gjera uss fyry med ei eigji lov om skrivemåten tå stadnåbno, æ de viktigt å slå fast at målføreuttala bi lagt te grunn. Men dæ æ viktigt med, at folk skjøne at slektsnåbn og stadnåbn era två ulike ting, både praktisk og juridisk.

Folk må få skrive slektsnåbne sine plent som dei vilja. Vilja dei som koma frå ein gard som aite Vika, skrive seg for Wiigen, må dæ vera greitt, maina e. Men samstundes kunn alle dei med hug te w'ar, c'ar, ekstra h'ar og duble i'ar, inkji gjera krav på å få all denna pynten inn i nabneverke og kartverke som folk flest sko gjera se nytte tå.

E vona at den nye love kan fålgjast på ein ledug måte. Det skulle 'kje vera påkravt med so ubotteleg te kontorstell og skrivekara for å få te detta som dæ her bi gjort framlegg um. E tikji detta ser greitt og reinskore ut.

Umsyne te målføreuttala på dei eine sidun og normert skriftform på dei hine sidun æ ei balansering som inkje æ tå di lettast slagji. Dæ bør vera ei sak som fagfolk desentralisert, knytt te universiteto, vilja finne fram te i kort einskild høve, og me veta no at dei få god hjålp i lovtekste og i fyresegno.

Med desse få ordo vil e gjedne rå te at innstillingi frå det store fleirtale i nemnden bi vedtikjin — og med fleirtalet meina e alle partiu med kulturvilje og sans for dei lange linun i norsk soge.

MELD DEG INN I NORSK NAMNELAG

og du får tidsskriftet Namn og Nemne ein gong i året og meldingsbladet Nytt om namn to gonger i året. Send innmelding til Norsk namnelag, Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN. Årspengane er for tida 130 kroner.

Årgang 6 - 1989 av tidsskriftet har no komi med variert og lesverdig stoff. Heftet inneheld desse artiklane:

Jan Ragnar Hagland: Hasleyjarsund eller Haugasund? Litt namnehistorie frå indre hamnestrok i sildabyen.

Oddmund Løkensgard Hoel: Striden om normering av stadnamn i etterkrigstida. Motiv, handlingar og motsetnader.

Gudlaug Horgen: "Det var saa kostbart finde paa nye navn". Namneskikk i Indre Sogn i 1801.

Arnold Dalen: Meir om FOTEN.

Alfred Jakobsen: Hva betyr folkenavnet háleygir og landskapsnavnet Hálogaland (Helgeland)?

Nils Hallan: Tarva.

Eira Söderholm: Finske eiendomsnavn i Alta og deres offentlige bruk.

Botolv Helleland: Til diskusjonen om -sete som gards- og stølsnamn.

Svein Aarsnes: Nokre stadnamn i Vefsn. Ei namnesosiologisk undersøking.

Oddvar Nes: Matre.

Ole-Jørgen Johannessen: Personnavn i sognenavn. I. Om helgennavn i norske sognenavn på landsbygda i middelalderen.

Gunstein Akselberg melder rapporten frå den niande nordiske namneforskarkongressen i Lund i 1985 (NORNA-rapporter 34).

-Vil du tinga Nytt om namn?

NORDKALOTTSYMPOSIUM

I dagane 10.-13. juni blir det fjerde nordiske symposiet om Nordskandinavias historie og kultur haldi i Tromsø. Temaet er "Ressurser, etnisitet og kulturell endring". Ein del av foredraga gjeld språk og etnisitet, og i denne seksjonen blir det fire innlegg frå namnegranskarane ved Universitetet i Tromsø:

Eira Söderholm: Finske og samiske stedsnavns offentlige status.
Kaisa Rautio: Fjell- og sjøsamiske navn i Nord-Troms.
Aud Kirsti Pedersen: Norsk-finsk-samiske lånenavn (stedsnavn).
Gulbrand Alhaug: Russisk innvirkning på personnavna i Nord-Norge.

Nordkalottsymposiet er eit samarbeid mellom universiteta i Tromsø, Trondheim, Umeå og Oulu. Det første vart haldi i Umeå i 1978, det andre i Trondheim i 1982 og det tredje i Rovaniemi i 1986. Samarbeidet er både fleirnasjonalt, tverrfagleg og tverrkulturelt. Det har naturleg nok vori lagt mykje vekt på samspelet og spenninga mellom samisk, finsk og norsk/svensk på Nordkalotten. Ofte er det da spørsmål om ein majoritet andsynes ein minoritet og det press overmakta øver mot minoritetskulturen. Striden om samisk namning i Sameland er eit slåande døme på at dette ikkje berre høyrer fortida til. Namnegranskarane i Tromsø har arbeidd mykje med stadnamn i fleirspråklege miljø og m.a. gjort omfattande studiar i Nord-Troms, der det er både samisk, finsk og norsk folkesetnad.

NYTTIG UTGREIING OM DIALEKTUTTALE AV FORNAMN I HARDANGER

Det er skrivi heller lite om korleis fornamna våre blir uttala i dei ulike dialektene. Ein av dei få som kjem inn på slike spørsmål, er Kåre Elstad, som i Borgfjerdingsmål 1-2 (1982) særlig tek for seg tonelag i fornamn i denne Lofot-dialekta. I Norsk personnamnleksikon (NPL) eller

andre namneoppslagsbøker finn ein ikkje opplysningar om uttale av fornamn. Etter det eg har fått opplyst, var det under det førebuande arbeidet med NPL rett nok på tale å oppgi uttaleopplysningar til namna. Men ettersom uttalen varierer frå stad til stad, og ein ikkje hadde tilgang til systematiske oppskrifter om uttalen i ulike dialekter, vart det til at ein ikkje tok med uttaleopplysningar. Vi treng altså å få undersøkt uttalen av fornamna i dei ulike landsdelane. Særlig hastar det med å få registrert korleis dei eldre uttalar namna. I den yngre generasjonen er det nemlig ein tendens til meir skriftspråksbasert uttale, og den eldre uttalen kan dermed lett gå i glømmeboka om ein ikkje får registrert den nå.

På denne bakgrunnen er det gledelig at det i 1989 vart skrivi ei kandidatoppgåve om eldre uttale av fornamn ved Høgskolesenteret i Rogaland (kultur- og medielinja). Oppgåva, som er skriven av Marit Kvamme, har tittelen: Eldre uttale av førenamn frå bygda Lofthus i Hardanger. Her greier ho ut om dialektuttale av fornamn i Lofthus - nærmare bestemt i kretsen Ernes-Frøynes. Formuleringa "eldre uttale" i oppgåvetittelen går meir presist på uttalen åt far hennes, Jon Helleland, født 1902. Ut frå stikkprøver meiner ho at uttalen hans er representativ for jamaldringane hans. Omslaget til nyare uttale, dvs. ein meir skriftspråksbasert uttale, hevdar ho kom midt på 1900-talet. Det kunne ha vori interessant å ha fått kartlagt nærmare overgangsfasen mellom eldre og nyare uttale, men dette ville ha vori arbeidskrevjande og gått ut over ramma for oppgåva til Kvamme. Det ho primært er interessert i, er å få registrert eldre uttale, og dette gjør ho både systematisk og grundig. I somme tilfelle påviser ho til dels store skilnader mellom skriftspråksbasert uttale og dialektuttale, t.d. David - Daoæ og Brynjulf - Brynjæl.

I materialet til Kvamme inngår det ca. 2700 personar. Desse har ho funni fram til i bygdeboka av Olav Kolltveit: Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. Ho går tilbake til 1560, da dei eldste slektslistene begynner, og følgjer slektene fram til 1940. Som nemnt ovafor, avgrensar ho materialet til kretsen Ernes-Frøynes i Lofthus. I

dette materialet har ho registrert 348 namn - 168 kvinnenamn og 180 mannsnamn. Dette materialet deler ho i to:

I "Vanlege namn", dvs. namn med minst tre namneberarar
II "Mindre vanlege namn", dvs. namn med ein eller to namneberarar

Det er flest av dei sjeldne namna (gruppe II). Av dei 348 namna er det såleis 191 som hører med i denne gruppa. Somme av desse er lite kjente, t.d. dei nordiske Sigtrud, Rikolv og Hatvor, og det fremmende Vitus (eit helgennamn) - uttala Vettus i Lofthus. Overraskande nok finn vi òg namn som "føregrip" den anglo-amerikanske TV-påverknaden, t.d. Colombo og Violet.

Hovudvekta i oppgåva, som er på 47 sider, ligg på dokumentasjonsdelen, dvs. dei to listene over "Vanlege namn" (s. 12-31) og "Mindre vanlege namn" (s. 32-45). Her gir ho eit systematisk oversyn der ho for kvart einskilt namn bl. a. har eigne kolonnar for:

- normalisert form av namnet - Nils
- dialektform av namnet - Nels
- namnet i fonem-skrift - /nels/
- frekvens for namnet på dei ulike bruka i kretsen
- frekvens for namnet i heile kretsen

For dei som ikkje er inne i fagspråket, kan eg nemne at "fonem-skrift" noko upresist kan gis att med "grov lydskrift" (som viser lydsystemet i dialekten). Kvamme oppgir altså namnet både i fonemskrift og det ho kallar "dialektform", dvs. namnet i vanlig skrift. Da ein utan vidare kan utleie dialektforma av lydskriftforma, kunne ein kanskje synas at det er unødvendig med ein eigen kolonne for dialektformer. Men med tanke på dei lesarane som ikkje er vane med lydskriftteikn, kan det likevel vera nyttig å ha ein eigen kolonne for dialektformene i "vanlig skrift". Med tanke på denne lesargruppa vil også eg gi att dialektformene i vanlig skrift om det da ikkje er spesielle grunnar som talar for å gi dei att i fonemskrift.

Namnetilfanget i ei dialekt vil i det store og heile følgje den same lydutviklinga som ordtilfanget. Når Lofthus-dialekta t.d. har hatt overgangen ll > dl (alle > adle), kan ein også finna den same overgangen i fornamn, t.d. Tolleiv > Tådlaiv. Det som er særlig interessant i denne samanhengen, er når eit namn ikkje følgjer dei allmenne "reglane". Dette gjeld t.d. det innlånte namnet Georg som i dialekta har uttale med ge- - eit lydsamband som kjennes fremmendt i dialektene, særlig hos eldre folk. I andre dialekter kan namnet Georg i fyrstninga ha hatt ein meir "systemrett" uttale, t.d. Jorg, som Kåre Elstad har fortalt meg at han har hørt hos eldre i Lofoten. Men uttalen ge- i framlyd har vi òg i Gerd i Lofthus (og trulig også dei fleste andre stader i landet). Her er det ikkje tale om eit innlånt namn, men derimot eit namn som er teki opp att i nyare tid frå norrønt. Det kan vera dette som er grunnen til at dette namnet ikkje har fått "systemrett" uttale - slik vi t.d. har i Asgerd, der det same namneleddet -gerd blir uttala -jær i Lofthus. Ein mulig grunn til denne ulike uttalen av Gerd og Asgerd kan vera at Gerd er teki opp att frå norrønt, mens Asgerd kan ha hatt ein ubroten tradisjon i dialekta og dermed har fått den same lydutviklinga som anna namnetilfang og ordtilfang i dialekta.

Ein annan skilnad mellom dei to namna ligg i ulik konsonantisme i utlyd i Lofthus - -rd i Gerd og -r i Asgerd. Asgerd har altså fått den vanlige utviklinga rð > r som vi finn i ord som jord, fjord, ferd, gard - og namn som Sigurd, Tord og Vegard. Derimot held altså Gerd på sambandet rd i uttalen - på same måten som andre ord som er tekne opp att frå norrøn tid - jfr. t.d. hird som er kjent frå krigstida.

Kvamme tek ikkje opp slike problemstillingar, og det er heller ikkje å vente innafor ramma av oppgåva hennes. Men her skulle det vera interessante problemstillingar som ligg og ventar på den som vil gi seg i kast med dei.

Fleire av oss har kanskje reagert over at eit namn vi kjenner godt, kan bli uttala med anna tonelag i andre dialekter. Såleis har t.d. Anna tonelag 1 (som i badet) i dialekta mi (Stange på Hedmarka), men tonelag 2 (som i

bade) i Hardanger. I materialet til Kvamme har eg funni ein del døme på at tonelaget avvik frå det eg er van med på Hedmarka, og eg vil her gi nokre døme på dette. For enkelheits skyld fører eg her opp namna i skriftspråksform da mindre ulikskapar i lydstrukturen mellom dei to dialektene er mindre relevante i denne samanhengen.

Lofthus har tonelag 2 - Stange 1:
Anna, Ragna, Signy, Torvald, Martin.

Lofthus har tonelag 1 - Stange 2:
Adam, Anders, Søren, Egil, Oddvar.

Namn av fremmendt opphav har oftast tonelag 1 (gjeld særlig om det er tale om eit nyare innlån). Frå dette mønsteret er det avvik både i Lofthus (Martin og Anna) og i Stange (Adam, Søren og Anders). Når desse namna har fått tonelag 2, kan det komma av analogi etter det vanlige tonelaget i namn av nordisk opphav, dvs. tonelag 2, som i Gunnar og Magnhild. Slik mønsterpåverknad i innlånte namn finn vi vel særlig i dei tilfella det er tale om vidareutvikla variantar på nordisk grunn, t.d. Severin > Søren, Martin > Morten, Simon > Simen. Også når det gjeld den opphavlige namneforma Simon, kan vi vel høre tonelag 2 (som i Simen), t.d. om det er tale om Simon Slåttvik, kombinert-gullmedaljøren frå 1952. Når det derimot er tale om den bibelske Simon, er det vel helst tonelag 1 som blir brukt. Iallfall er det rimelig at prestane føretrekker tonelag 1 her.

Når vi i nyare tid (særlig på slutten av 1800-talet) har teki opp att namn frå norrøn tid, har somme av desse fått tonelag 1 (Torvald) - i motsetning til namn som har ubroten tradisjon i dialekta (Tarald, som er utvikla av Torvald). Også når vi tek opp att namn frå eldre tider, kan vi på sett og vis sjå på dette som ei slags form for "lån". Resultatet av "namnelånet" kan altså bli det same som når vi låner inn fremmende namn, dvs. tonelag 1: Torvald får altså same tonelag som Edvard, Fredrik o.fl. I mi eiga dialekt kan trulig Ingvald (tonelag 1) sjåas på som eit slikt oppatteki namn - mens det derimot er tonelag 2 i

gardsnamnet Ingvaldstad i Vang - med det same fornamnet Ingvald. Ein må her gå ut frå at det ligg ein ubroten tradisjon til grunn for uttalen av gardsnamnet Ingvaldstad (som for øvrig oftast blir skrivi Ingvoldstad).

Ei interessant namneform som Kvamme har registrert frå Lofthus, er Segni (tonelag 2), som er ein dialektvariant av Signy. Dette er også det tonelaget vi skulle vente om namnet har ubroten tradisjon frå det norrøne Signy. Når kvinnenamna på -ny normalt har tonelag 1 i norsk talemål i dag, kan dette - som i tilfellet Torvald - komma av at dei er tekne i bruk att på 1800-talet. Men når det gjeld kvinnenamn på -y (inklusive dei på -ny), kan ein annan faktor ha kommi forsterkande inn: Dei kan ha fått tonelag 1 etter mønster av det store innsiget av engelske kvinnenamn på -y frå slutten av 1800-talet (Jenny, Anny, Lilly osv.). Dette kan også ha råka namn som har ubroten tradisjon i dialekta. Såleis har eg fått opplyst at Signy/Segni i den yngre generasjonen i Lofthus blir uttala med tonelag 1 - i motsetning til den eldre generasjonen som altså har tonelag 2 i Segni - ei form som trulig har ubroten tradisjon i dialekta frå norrønt. I tillegg til tonelaget er namna på -ny interessante også i ein annan uttalesamanheng. Skal t.d. Dagny uttalas med lang eller stutt a? Eg kjenner iallfall dei som insisterer på at namnet må uttalas med lang a, altså /da:gny/, fordi dei synes det er "penast". Dei føretrekker altså denne varianten framfor dei to variantane med stutt vokal: /dagny/ eller /dagny/. Alle dei tre variantane har tonelag 1 i dialekta mi.

Om tonelag i personnamn kan ein finna fleire opplysningar i Borgfjerdingsmål 2 (s. 77-91) av Kåre Elstad. Eg vil samtidig nytte høvet til å takke både han, Kristoffer Kruken og Botolv Helleland for nyttige munnlige opplysningar når det gjeld uttale av fornamn. Til slutt er det berre å slå fast at Marit Kvamme har gitt oss ein verdifull dokumentasjon på uttale av fornamn i den eldre generasjonen i Hardanger. Så får vi håpe på å få tilsvarande dokumentasjon frå andre stader av landet - gjerne i form av studentoppgåver.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

NAMNEBIBLIOGRAFI 1989

I dette nummeret startar me eit oversyn over norsk faglitteratur om namn. Det er meininga å få til ein fast praksis med ein slik namnebibliografi frå det føregåande året i vårnummeret av Nytt om namn. I haustnummeret vil det vera rom for titlar som redaksjonen har fått kjennskap til seinare.

For at ein slik bibliografi skal vera så fullstendig som råd, er det viktig at lesarane sender inn opplysningar om utkomen litteratur.

"Faglitteratur om namn" er her tenkt i vid meining. I tillegg til større einskildarbeid og artiklar i vitskaplege tidsskrift, årbøker o.l., kan populærvitskaplege framstillingar, større avisartiklar og materialsamlingar takast med. Det er aktuelt å ta med stoff ikkje berre om stadnamn og personnamn, men òg om namn på dyr, båtar, produkt - stutt sagt alt som kjem inn under kategorien "namn".

Eit slikt årleg oversyn over norsk namnelitteratur reknar me med har ålmenn interesse for lesarane våre. Dessutan vil det vera ei viktig hjelp ved seinare utgåver av Norsk stadnamnbibliografi og Norsk personnamnbibliografi. (Det vert no arbeidt med ein revisjon av desse to bibliografiane fram til og med 1989.)

Frå før finst det eit kommentert oversyn over den mest sentrale namnefaglege litteraturen i årsmeldinga frå Nordisk samarbeidskomité for namnegransking (NORNA-rapporter, særtrykk av Namn och bygd.)

Litteraturoversynet nedanfor er sett opp av lektor Terje Larsen med tilskot frå redaktørane. Som nemnt reknar me ikkje med at det er fullstendig, og me vil gjerne ha inn bibliografiske opplysningar om stoff som ein saknar, helst kopi av det aktuelle arbeidet.

.....

Alhaug, Gulbrand: Personnamn i Nord-Noreg. Forskingsstatus og perspektiv framover. I: Nordlyd. Tromsø University Working Papers on Language & Linguistics. No.15 - 1989: 87-111.

Bakken, Kristin: Nytt fylkeskart over Møre og Romsdal. I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989:40-44.

Birkeland, Gunhild: Arkivet ved Institutt for namnegransking - situasjonen i dag og litt om oppgåvene framover. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1988. Oslo 1989:17-42.

Borg, Arve: Innsjønamna i Hedmark. I: Årbok for Glåmdalen 1989:105-113. (Melding av og kommentarar til Kjell Venås: Norske innsjønamn III. Hedmark fylke. Oslo 1987.)

Bringeland, Hans: Innsamling av stadnamn. Ei rettleiing. Lokalhistorisk rettleiingsteneste i Hordaland 1989. 45 s.

Dalen, Arnold: Meir om FOTEN. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:37-38.

Ellingsen, Gunnar: Opphavssegner. I: Frå Hjørundfjord. Årsskrift nr.11 - Hjørundfjord Sogelag 1989:5-27.

Enlid, Olav Ingemann: Stedsnavn i Gauldalen. I: Gauldalsminne. 10. hefte, 4. band (des. 1989):742-744.

Grønvik, Ottar: Holt og Holtar. Utviklingen av det indoeuropeiske kollektivum i norrønt. I: Maal og Minne 1989:15-38. (Opposisjonsinnlegg ved Harald Bjorvands doktordisputas på avhandlinga Holt og Holtar. Om utviklingen av det indoeuropeiske kollektivum i norrønt på sammenlignende grunnlag. Oslo 1987.)

Gøthesen, Gøthe: "Hva skal skipet hete": En karakteristikk, et kvinnenavn, eller...? I: Kysten nr.2, 1989:2-3.

Gåsvatn, Kari: Navn på moten. I: Nationen 4. februar 1989. (Reportasje bygd på intervju med Kristoffer Kruken.)

Hagland, Jan Ragnar: Hasleyjarsund eller Haugasund? Litt namnehistorie frå indre hamnestrok i sildabyen. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:7-14.

Hallan, Nils: Kva tyder Hornkloven? I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989:37-38.

Hallan, Nils: Tarva. I: Namn og Nemne. Årgang 6 -1989:47-50.

Halvorsen, Eyvind Fjeld: Hvem bestemmer hvordan stedsnavn skal skrives? I: Språknytt 1/1989:8-9.

Harsson, Margit: Den 10. nordiske namnegranskarkongressen. Brandbjerg 20.-24. mai 1989. I: Nytt om namn. Nr.10 - 1989:17-23. (Omtale av foredraga.)

Harsson, Margit: Skriftlege kjelder til Norske Gaardnavne. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1988. Oslo 1989:43-74.

Helleland, Botolv: Databaserte namneregister for offentlege kart - nytte for namnegranskinga. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1988. Oslo 1989:75-85.

Helleland, Botolv: Til diskusjonen om -sete som gards- og stølsnamn. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:59-73.

Helleland, Botolv: Stadnamn i ubunden form. I: Studia Onomastica. Festskrift till Thorsten Andersson den 23. februari 1989. Uppsala 1989:143-152.

Helleland, Botolv: Stadnamnproposisjonen framlagd. I: Heimen 1/1989:63-64 (= Nytt om namn. Nr.9 - 1989:9-11).

H[elleland], B[otolv]: Enda eit jubileum: Normering av stadnamn 150 år. I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989:20-21.

Hetlelid, Arne: Personnamn i Hjelmeland. Hjelmeland 1989. (Utrykt særoppgåve ved Strand vidaregåande skule.)

Hoel, Oddmund Løkensgard: Striden om normering av stadnamn i etterkrigstida. Motiv, handlingar og motsetnader. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:15-26.

Holm, Gösta: [Melding av] Kjell Venås: Norske innsjønamn III. Hedmark fylke. Oslo 1987. I: Maal og Minne 1989: 125-128.

Horgen, Gudlaug: "Det var saa kostbart finde paa nye navn". Namneskikk i Indre Sogn i 1801. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:27-35.

Hovda, Per: Gustav Indrebø 1889-1942. I: Fram daa, Frendar 1989:17-27 (Norsk Måldyrkingslag).

I eller på Vaterland? I: Språknytt 1/1989:15 (jf. Nytt om namn. Nr.10 - 1989:36, som er eit samandrag av artikkelen).

Institutt for namnegransking. Årsmelding 1988. Oslo 1989. 163 s.

Jakobsen, Alfred: Hva betyr folkenavnet háleygir og landskapsnavnet Hálogaland (Helgeland)? I: Mot-Skrift. Arbeidsskrift for språk og litteratur. Nr.1 og 2 1989: 58-66 (Nordisk institutt. Universitetet i Trondheim).

(= Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:39-46 [der med utvida litteraturliste]).

Jakobsen, Alfred: 150 år siden Karl Rygh ble født. I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989:12-19.

Jansen, Olaf: Om og omkring navnet Hálogaland. I: Nordlyd. Tromsø University Working Papers on Language & Linguistics. No.15 - 1989:21-63.

Jernsletten, Nils: Samiske stedsnavn i Nord-Norge. I: Nordlyd. Tromsø University Working Papers on Language & Linguistics. No.15 - 1989:79-82

Johannesen, Ole-Jørgen: Personnavn i sognenavn. I. Om helgennavn i norske sognenavn på landsbygda i middelalderen. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:93-100.

Johansen, Thomas: Manntallet for Kvæfjords menighet 1701. [Kvæfjord 1989]. 63 s. (Utrykt.)

[Kjenstad,] Nikolai [K.]: Om namnet Skjækra. I: Kumur. Årsskrift nr.10 - 1989:20.

Kraggerud, Beate: Stadnamn frå Lunner og Gran. Ei djupinnsamling av stadnamn frå to Kraggerudgardar, tre Dynnagardar og eit bruk. Oslo 1989. 16 s. + litt.liste, døme på utfylling, namneliste og kart. (Utrykt mellomfagsoppgåve i nordisk språk.)

Krogsæter, Johan: Nokre stadnamn i Vatne. I: Vatne sogelag. Årsskrift 1989:63-64.

Kruken, Kristoffer: Merknader til nokre personnamn [Harkjell, Indiana, Eirill, Eirin, Eirun]. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1988. Oslo 1989:87-97.

Kruken, Kristoffer: Norske namnedagar. I: Studia anthroponymica Scandinavica 7 1989:121-131.

Kruken, Kristoffer: Personnamn i Møre og Romsdal på 1600-talet. I: Nytt om namn. nr.10 - 1989:45-46. (Melding av Turid Riste: Personnamn i Møre og Romsdal i 1647. Storfagsoppgåve i norsk ved Møre og Romsdal distriktshøgskule. Volda 1989.)

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Mogens Eilertsen: Alle tiders bog. København 1985. D.s.: Alle tiders bok. Norsk utgave ved Brynjulf Alver. Oslo 1986. I: Studia anthroponymica Scandinavica 7 1989:148-150.

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Steinar Maria Kaas: Året 1989. En universal-almanakk. Tradisjon. Historie. Magi.

Ny verden. Oslo 1988. I: Studia anthroponymica Scandinavica 7 1989:153-155.

Kruken, Kristoffer: Skjellevatnet og Skjerivatnet. I: Årbok for Fosen 1989:25-30.

K[ruken], K[ristoffer]: Namn og stader på Kvitsøy. I: Nytt om namn. Nr.10 - 1989:42-43. (Melding av Inge Særheim: Kvitsøy. Namn og stader. Stavanger 1989.)

K[ruken], K[ristoffer]: Mellomfag i Oslo. [Omtale av] Hanne Lauvstad: Personnavnskikken i Fredrikstad og Glemmen 1801, Frode Korslund: Gardsnamn i Øyer. Typar, alder og storleik, Anne Marte Skari: Teignamn frå fire Røysumgardar og to Stastadgardar, Kirsti Solbakk: Skulebarnsoppskrifter frå Flisnes og Eikenos på Sunnmøre. I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989:47-51.

K[ruken], K[ristoffer]: Vang på Hedmarken. I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989:38-39.

K[ruken], K[ristoffer]: Festskrift til Thorsten Andersson. I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989:21-23. (Melding av artiklar som gjeld Noreg spesielt.)

K[ruken], K[ristoffer]: Skrivemåten av samiske stadnamn. I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989:35-36.

Kruse, A.: Om dikting og stadnamn. I: Nordmørsposten 21. april 1989. (Om namna på det nye fylkeskartet for Møre og Romsdal.)

Kummeneje, Tove og Roar Børresen: Stedsnavn. I: Hovedrapport fra Kongsvingerprosjektet. Et samarbeidsprosjekt mellom Statens kartverk v/Fylkeskartkontoret i Hedmark og Kongsvinger kommune, desember 1989:189-204, 6 vedl. (stensil).

Myrvang, Finn: Kva er opphavet til namnet Kjøtta? I: Håløygminne 1/1989:9-11.

Myrvang, Finn: Stadnamn i Steigen. I: Årbok for Steigen 1989:28-43. (Framhald av artikkel i 1988-årboka.)

Namn og Nemne. Tidsskrift for norsk namnegransking. Utgjeve av Norsk namnelag. Red.: Ole-Jørgen Johannesen og Oddvar Nes. Årgang 6 - 1989. 126 s.

Nes, Oddvar: Matre. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:87-92.

Nes, Oddvar: Nokre norske stadnamn. Fister, Luster og

Oster. I: Studia Onomastica. Festskrift till Thorsten Andersson den 23. februari 1989. Uppsala 1989:251-260.

Normann, Einar: Frøys bygd - Haukedalen. I: Sogeblad frå Førde kommune. Hefte 7, 1989:43-48 (= Syn og Segn 1946: 332-336).

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red.: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Nr. 9 - 1989, Oslo 1989. 51 s.

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red.: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Nr. 10 - 1989, Oslo 1989. 47 s.

Ottesen, Johan: Stadnamn frå Nerøya. I: Folk og Fortid. Tidsskrift for Herøy sogelag 1989:20-24.

Pedersen, Aud-Kirsti: Sámi báikenamat ovdal ja dál - Samiske stadnamn før og no. I: Nytt om namn. Nr.9 - 1989: 31-34.

Pedersen, Aud-Kirsti: NAVF satsar på Nord-Noreg. Seminar om namnegransking og språkkontakt. I: Nytt om namn. Nr. 10 - 1989:24-26.

Pedersen, Aud-Kirsti: Utsyn over nordnorsk stadnamngransking. I: Nordlyd. Tromsø University Working Papers on Language & Linguistics. No.15 - 1989:65-77.

Reichelt, Ellinor: Førenamn i Rødøy og Meløy i 1820 og 1870. Oslo 1989. 20 s. + namnelister. (Utrykt mellomfagsoppgåve i nordisk språk.)

Rygh, Karl: Bemerkinger om stedsnavnene i den sørlige del af Helgeland (1871). Ny utgåve med innleiing om Karl Rygh ved Alfred Jakobsen. Redaksjon og forord ved Ernst Håkon Jahr. Oslo 1989. 135 s.

Samuelsen, Cissel: Personnamn i Skjervøy prestegjeld, 1801. Tromsø 1989. 14 s. (Utrykt semesteroppgåve.)

Samuelsen, Cissel: Ei kort gransking av namnetilhøva i prestegjelda Ullensaker og Drammen [i 1801]. Tromsø 1989. 12 s. (Utrykt semesteroppgåve.)

Sandnes, Jørn: Saurhlið eller Saurhlíð. Et sentralt navn i det gamle Nidaros. I: Studia Onomastica. Festskrift till Thorsten Andersson den 23. februari 1989. Uppsala 1989:327-336.

Schmidt, Tom: Navneleddet -by i yngre navn i Østfold. I:

Institutt for namnegransking. Årsmelding 1988. Oslo 1989:99-[140], 4 tab., 10 kart.

Schulze, Johan A.: Namn, ord og hendingar frå Gjerpen. I: Årbok for Telemark 1989:92-100.

Skeie, Margrete: Stadnamn i Sverresoga. Oslo 1989. 16 s. (Utrykt mellomfagsoppgåve i nordisk språk.)

Skjervøy, Audun: Den norske namnelova gjev "unorsk" namnepraksis. I: Dag og Tid nr.27, 6. juli 1989. (Intervju med Anne Svanevik.)

Skjervøy, Audun: "Namna er ikkje så viktige, vi har da personnummer". I: Dag og Tid nr.27, 6. juli 1989.

Skjævestad, Eilert: Gjessøya - det må vel komme av gjess, det? I: Tromøy årbok 1989:102-104.

Skjævestad, Eilert: Forskerkurs i Uppsala 7.-12. august 1989. I: Nytt om namn. Nr.10 - 1989:27-30.

Skriftlige kildebelegg for gardsnamn fra Hadeland og Land, fordelt etter navnetype. I: Nytt om namn. Nr.10 - 1989: 10-16. (Artikkelen er resultatet av eit gruppearbeid utført av hovudfagsstudentar ved Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo.)

Stadnamn på fylkeskartet. Ei orientering frå Fylkeskartkontoret. I: Fylket 10. juni 1989. (Om namna på det nye fylkeskartet for Møre og Romsdal.)

Stedsnavn på Hvaler. I: Øyene. Hjembygda Hvaler. Lokalhistorisk tidsskrift. Hefte 34 (mars/89):16-17.

Stedsnavn på Hvaler. I: Øyene. Hjembygda Hvaler. Lokalhistorisk tidsskrift. Hefte 35 (des/89):43-44.

Stemshaug, Ola: Gardsnamnet Vebenstad - ei opphavleg samansetning med -bólstaðr. I: Maal og Minne 1989:56-71.

Stemshaug, Ola: [Melding av] Bengt Pamp: Ortnamnen i Sverige. Femte upplagan. 199 s. Lund: Studentlitteratur 1988. (Lundastudier i nordisk språkvetenskap. Serie B2.) I: Maal og Minne 1989:151-152.

Stemshaug, Ola: [Melding av] Eivind Vågslid: Norderlendske fyrenamn. Eidsvoll 1988. I: Studia anthroponymica Scandinavica 7 1989:177-178.

Stenhjem, Rolf: Personnavn i Amalie Skrams forfatterskap. Bergen 1989. 171 s. (Utrykt hovudoppgåve.)

Stiklestad, Knut: Litt om namn i Sultraktene. I: Verdal historielag. Årbok 1989:162-163.

Returadresse:
Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 Oslo 3

Svanevik, Anne: Justisdepartementets liste over "frie" slektsnavn. En kommentar. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1988. Oslo 1989:[141]-155.

Særheim, Inge: Kvitsøy. Namn og stader. Stavanger 1989. 140 s. (Rogaland fylkeskulturstyre. Stadnamnprosjektet.)

Særheim, Inge: Litt om eldre busetjingsnamn i Klepp. I: Frá haug ok heiðni nr.2 1989:213-224.

Söderholm, Eira: Finske eiendomsnavn og deres offentlige bruk. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:51-58.

Söderholm, Eira: Stedsnavn i et språkbrytningsområde. I: Nytt om namn. Nr.10 - 1989:38-40. (Melding av Aud-Kirsti Pedersen: Stadnamnlån. Fonologi og ortografi i lydlig lånte stadnamn med eit oversyn over fonologien i norsk på Skibotn og i Kvenangsbotn. Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø, hausten 1988, 366 s. med vedlegg.)

Söderholm, Eira: Finske stedsnavn i Nord-Norge. Forskningsstatus og -perspektiver. I: Nordlyd. Tromsø University Working Papers on Language & Linguistics. No.15 - 1989:83-86.

Teigen, Elise Kristin: Stedsnavn og historie fra Sund og Hellesvik. Vefsn 1989. (Utrykt særoppgåve ved Mosjøen videregående skole.)

Trollerud, Lars Kr.: En navne-vandring fra Vidda langs Numa og ut i Havet. I: Langs Lågen 1/1989:33-35.

Tveiten, Bjarne: Stadnamn fortel om Breive. I: Agder Historielag. Årsskrift 65 (1989):107-112.

Vågslid, Eivind: Norske skrivarar i millomalderen. Oslo 1989. 804 s. (Inneheld tolkingar av stadnamn nemnde i diploma.)

Økland, Øystein: Stadnamn frå Tysnes. Bergen 1989. 148 s. (Utrykt hovudoppgåve.)

Aars, Ivar: Gamle menn i gamle namn. Um nokre livaursåkrar i Valdres. I: Årbok for Valdres 1989:67-71.

Aarsnes, Svein: Nokre stadnamn i Vefsn. Ei namnesosiologisk undersøking. I: Namn og Nemne. Årgang 6 - 1989:75-86.

ISSN 0800 - 4676